

UTLYSING AV MIDLAR TIL INNOVASJON I HELSE VEST

FØRINGAR FOR SØKNADER 2025 - 2026

INNHALD

Utlysning av midlar til innovasjonsprosjekt i Helse Vest	2
Prioriterte område 2025 - 2026.....	2
Søknadskategoriar.....	4
Vurderingskriteriar	5
Søknadsbehandling	5
Kven kan søke	5
Finansiering og institusjonell forankring	6
Brukarmedverknad	7
IKT og Styringsstruktur for digitalisering i Helse Vest.....	7
Obligatoriske element og vedlegg.....	7
Søknadar med manglar vil bli avvist.....	7

UTLYSING AV MIDLAR TIL INNOVASJONSPROSJEKT I HELSE VEST

Helse Vest RHF lyser ut inntil 16 millionar kroner til innovasjonsprosjekt. Fristen for å søke om midlar til innovasjonsprosjekt er 29. januar 2025 kl. 13:00.

Frist for leiarforankring er 4. februar kl. 13:00.

PRIORITERTE OMRÅDE 2025 - 2026

[Helse2035](#), Helse Vest sin strategi, og «[Nasjonal helse- og samhandlingsplan 2024-2027 - Vår felles helsetjeneste](#)» ligg til grunn for dei prioriterte satsingsområda for utlysinga i 2025.

Helse Vest RHF vil prioritere prosjekt som legg vekt på gevinstar for helsetenesta i form av ei meir optimal organisering, ressursbruk og/eller reduserer behovet for vekst i helsepersonell, og gjerne med potensial for regional skalering.

Det vil i nokon grad bli lagd vekt på ei spreiding av innovasjonsprosjekt i ulike delar av regionen og innan dei ulike satsingsområda.

Prioriterte satsingsområde

Helse Vest RHF vil prioritere søknader som omhandlar eit eller fleire av desse satsingsområda:

- **Pasientar og pårørende si helsekompetanse og medverknad**
Løysingar som involverer pasient og pårørende som aktive deltakarar i utforminga av eigen helsehjelp, aukar helsekompetansen og deira føresetnadar for eigen meistring, gjerne på tvers av nivåa i helsetenesta.
- **Berekraftig utvikling**
Løysingar som utviklar eller nyttar:
 - nye arbeidsformer og betre oppgåvedeling både i spesialisthelsetenesta, og på tvers av nivåa i helsetenesta, gjerne i samarbeid med primærhelsetenesta.
 - ny og betre bruk av teknologi som bidreg til personellsparande løysingar.
- **Redusere overdiagnostisering og overbehandling (uønska variasjon)**
Innovative løysingar og tenesteinnovasjon som bidreg til å redusere overdiagnostisering og overbehandling, gjerne på tvers av nivåa i helsetenesta.

Prosjekta/tiltaka kan vere nye eller allereie i gang.

Prioriterte pasientgrupper

Helse Vest er særleg opptatt av søknadar som omhandlar dei fire prioriterte pasientgruppene i Nasjonal helse og samhandlingsplan;

- personar med alvorlege psykiske lidingar og rusproblem
- barn og unge
- personar med fleire kroniske sjukdommar, multisjuka
- skrøpelege eldre

Samarbeid med Kreftforeningen – øymerka midlar til innovative løysingar innan kreft

I samarbeid med Kreftforeningen er det sett av øymerka midlar (inntil 4 – 5 millionar kroner) til nye innovasjonsprosjekt og idéoverføringar innan kreft¹.

Kreft er ei av dei 5 målretta samfunnsoppdraga (Missions) som EU har identifisert som særleg viktige samfunnsutfordringar; [EU Mission: Cancer \(europa.eu\)](https://european-council.europa.eu/media/e84b6b36-4401-407c-968c-46052586102c/asset/document/EU_Mission_Cancer_2021-2027.pdf)²» i perioden 2021 – 2027.

Kreftpasientar er ei stor og aukande pasientgruppe og stadig fleire lever lengre med kreft. Difor er dette eit område der det er ønskeleg å stimulere til innovasjon og tenesteinnovasjon. Kreftforeningen si pasientundersøking syner mellom anna at det er særleg i overgangane mellom tenestene at det er behov for betre løysingar og meir tenesteinnovasjon.

Alle dei prioriterte satsingsområda er aktuelle for søknadar til dei øymerka midlane.

I tillegg vil Helse Vest leggje vekt på prosjekt:

- som har samarbeid med fleire helseføretak i regionen, der dette er relevant
- som har planar om å søke finansiering frå andre finansieringskjelder.

Innovasjonar med eit kommersielt potensial

For innovasjonar med eit kommersielt potensial er det ingen tematiske føringar eller prioriterte pasientgrupper.

¹ Med atterhald om godkjenning av Kreftforeningen sitt budsjett for 2025.

² [EU Missions](https://european-council.europa.eu/media/e84b6b36-4401-407c-968c-46052586102c/asset/document/EU_Mission_Cancer_2021-2027.pdf) are a new way to bring concrete solutions to some of our greatest challenges. EU Missions are a novelty of the Horizon Europe research and innovation programme for the years 2021-2027.

SØKNADSKATEGORiar

Det lysast ut midlar i to søknadskategoriar.

1. Nye innovasjonsprosjekt

Prosjekt som gjennomførast ved eige helseføretak (prosjekteigar). Det kan søkast om midlar til nye idéar, eller prosjekt som allereie har starta opp. Same innovasjonsprosjekt kan få stønad frå innovasjonsutlysinga til Helse Vest RHF to gonger.

Maks stønad frå Helse Vest RHF er 1,2 millionar kroner i denne kategorien. Dersom prosjektet er i ei tidleg fase kan det vere tenleg å søke om eit mindre stønadsbeløp (gjeld også for produktinnovasjon).

For å kvalifisere til maks stønad i denne kategorien må det vere samarbeid mellom minst to helseføretak i Helse Vest (gjeld ikkje for kommersielle innovasjonar).

2. Idéoverføring

Det kan søkast om midlar til å adoptere/teste gode innovasjonsløyningar som har vist seg å vere vellykka i andre sjukehus/helseføretak, anten i Helse Vest regionen eller nasjonalt/internasjonalt. Dette er eit verkemiddel for å spreie gode innovasjonar/løyningar som allereie er teke i bruk i helsetenesta.

I søknaden skal de gjere greie for kvifor de vil adoptere/teste akkurat denne løyninga, kva for gevinstar de forventar, og korleis de vil samarbeide med organisasjonen de skal adoptere løyninga i frå. Maks stønad frå Helse Vest RHF er 400 000 kroner i denne kategorien.

Prosjektkategoriar		
Type stønad	Nye innovasjonsprosjekt	Idéoverføring
Maks stønad frå Helse Vest	Inntil 1,2 millionar kroner	Inntil 400 000
Prosjektperiode	Inntil 24 månader	Inntil 18 månader

Det er viktig at prosjekta har god strategisk forankring i sjukehuset/føretaket for å auke sannsynet for at løyninga blir teke i bruk om innovasjonsprosjektet er vellykka. Det er obligatorisk med minimum 20 % eigenandel av prosjektet sine totale kostnader frå prosjekteigar/partnarar. Dersom de søker Helse Vest om 1,2 millionar kr, vil minimum eigenandel (gjerne som eigeninnsats i form av frikjøp av personalressursar) frå prosjektgruppa vere 300 000 kr. For idéoverføring er tilsvarande beløp minimum 100 000 kr om de søker Helse Vest om 400 000 kr i stønad.

Midlar skal nyttast innanfor ei projektramme på to år i kategorien nye prosjekt og innanfor 18 månader i kategorien idéoverføring. Prosjekta må starte opp i løpet av dei første fire månadane etter tildeling.

Samandraget i projektsøknadar som får stønad vil publiserast på internett.

VURDERINGSKRITERIUM

Søknadane vil bli vurdert ut frå følgjande kriterium (sjå prosjektmalar for ei nærmare skildring av vurderingskriteria – *les desse nøye før de planlegg prosjektsøknaden*);

Nye prosjekter ved eige helseføretak

1. Relevans for satsingsområda (10 %)
2. Kvalitet (innovasjonshøgde, innovasjonsmetodikk og kunnskapsbehov (30 %)
3. Gevinstar for pasientane, tenesta, samfunnet og plan for å realisere gevinstane (30 %)
4. Gjennomføring av prosjektet (30%)

Idéoverføring - vurderingskriterium

1. Relevans for satsingsområda (10 %)
2. Innovasjonshøgde og kunnskapsbehov (30 %)
3. Gjennomføring av prosjektet (30 %)
4. Gevinstar og nytte for pasientane og helsetenesta (30%)

Det vil bli nytta ein skala frå 1 – 6 for dei fire kriteria. Det blir satt ein samla karakter for søknaden.

SØKNADSBEHANDLING

Søknadane blir behandla av ein regional komité der rundt halvparten av medlemmane er eksterne evaluatarar og rundt halvparten frå Helse Vest RHF. Representantar frå Regionalt brukarutval og konserntillitsvalde vert invitert til å delta i komitéen.

Leiarmøtet i Helse Vest RHF vil avgjere den endelege fordelinga på bakgrunn av komitéen sitt arbeid. Ved tildeling vil det bli lagt vekt på å oppnå ei spreidd av prosjekt i ulike delar av regionen og innan dei ulike satsingsområda.

Etter vedtak om tildeling av midlar får alle søkarar ei kortfatta tilbakemelding basert på vurderinga frå komiteen. Tilbakemeldinga er av overordna karakter.

KVEN KAN SØKE

Prosjektleiari må ha si hovudstilling i eit helseføretak i Helse Vest eller ved ein privat ideell

institusjon/sjukehus som har driftsavtale med Helse Vest RHF. Søknaden må fremmast gjennom institusjonen som har høve til å søke.

Prosjekt som allereie har motteke stønad frå Helse Vest si innovasjonsutlysing, kan søke om midlar dersom dette inneber ei vesentleg vidareutvikling av prosjektet. Om de tidlegare har motteke midlar til same prosjekt, skal dette gjerast greie for i søknaden.

FINANSIERING OG INSTITUSJONELL FORANKRING

Det er viktig at prosjektet har god strategisk forankring i sjukehuset/føretaket for å auke sannsynet for at løysinga blir teke i bruk, om innovasjonsprosjektet er vellykka. Difor er det obligatorisk med ein eigenandel på minimum 20 % frå prosjekteigar/deltakarane av prosjektet sitt totale budsjett. Søknad og det totale prosjektbudsjettet skal godkjennast av leiar/klinikkdirektør i søknadsportalen eSøknad.

Det blir automatisk sendt ein generert e-post til forankringsansvarleg i føretaket, som skal godkjenne søknad og budsjett. Merk at søknaden ikkje blir rekna som fullført før det føreligg ei stadfesting på at forankring er motteke av Helse Vest RHF.

Frist for institusjonell leiarforankring er kl. 13.00, 4.februar 2025

Kva kan støttast?

Personalrelaterte kostnader, kjøp av tenester, og utgifter til utstyr/driftskostnader kan støttast. *Utgifter til utstyr kan berre utgjere 30 % av kostnadene.* Søknadsbeløpet skal spesifiserast i budsjettmodulen i eSøknad. Budsjettet skal samsvare med definerte milepålar, aktivitetar og innhald.

Finansieringsplanen skal opplyse om direkte kostnadar knytt til aktivitetane som ein søker støtte til, eigeninnsats (timetal x timesats), anna finansiering og søkt beløp frå Helse Vest RHF. Totalsummen for kostnadane skal være lik totalsummen i finansieringsplanen.

Stønad til eksterne samarbeidspartnarar

Dersom ein samarbeider med kommunar, næringsliv, akademia eller forskingsinstitutt er det ein føresetnad at desse partane også bidreg med eigne ressursar i prosjektet, i tillegg til at inntil 20 % av stønaden frå Helse Vest kan nyttast til dei eksterne aktørane. Samarbeidet skal skildrast i søknaden. Me anbefalar at de lagar ein samarbeidskontrakt som gjer greie for dei ulike aktørane si rolle, oppgåver, kompetanse og rettar i prosjektet.

Helse Vest forventar at de kontaktar **Sykehusinnkjøp HF Vest** med tanke råd og rettleiing om eventuell marknads- og leverandørkontakt før de søkar midlar frå Helse Vest. Sykehusinnkjøp vil kunne rettleie korleis ein skal gå fram for å finne relevante samarbeidspartnar frå næringslivet, også med tanke på ei eventuell anskaffing i etterkant av eit samarbeid.

Dersom løysinga har eit kommersielt potensial bør de opplyse om samarbeid med den TTO-en (Technology Transfer Office) som helseføretaket har avtale med.

BRUKARMEDVERKNAD

Det skal gjerast greie for i kva grad brukarar (pasientar, pårørande, helsepersonell) er involvert i planlegging, gjennomføring, formidling og/eller evaluering av prosjektet.

Veileder for brukarmedvirkning i helseforskning i spesialisthelsetjenesten (mai 2018) kan nyttast i utvikling og gjennomføring av innovasjonsprosjekt.

IKT OG STYRINGSSTRUKTUR FOR DIGITALIERING I HELSE VEST

Dersom det skal innførast eller utviklast nye IKT-løysningar i eit prosjekt, bør søkarar innhente vurderingar om korleis løysningane skal kunne virke i samanheng med eksisterande infrastruktur og systemlandskap i Helse Vest. Ta kontakt med terje.bremnes@helse-vest-ikt.no

Helse Vest IKT kan vere ein av samarbeidspartnarane i prosjektet. Dette må avklarast med Helse Vest IKT (postmottak@helse-vest-ikt.no) i forkant av søknaden.

Styringsstruktur for digitalisering i Helse Vest

For å unngå at du som søker startar innovasjonsløp/prosjekt som dupliserer pågåande aktivitet i regional styringsstruktur, kan det vere lurt å sjekke prosjekt-databasen i den nye Styringsstrukturen for digitalisering i Helse Vest. Til dette kan du nytte verktøyet [Prosjektrapport i Power BI](#).

OBLIGATORISKE ELEMENT OG VEDLEGG

Søker har sjølv ansvar for at innsendt søknad er fullstendig og i tråd med søknadskriteria, samt at søknadsskjema i eSøknad er korrekt fylt ut og at obligatoriske vedlegg er lasta opp. Følgande obligatoriske dokument skal sendast inn:

- Søknadsskjema i søknadsportalen eSøknad
- Prosjektskisse iht. malar som vedlegg i søknadsportalen eSøknad:
 - [Mal for prosjektskisse - nye innovasjonsprosjekt](#) - maks 4 sider
 - [Mal for prosjektskisse - idéoverføring](#) - maks 3 sider

Det er berre desse dokumenta som skal lastast opp. Ytterlegare vedlegg vert ikkje vurdert.

SØKNADAR MED MANGLAR VIL BLI AVVIST

Søknadar som ikkje oppfyller krava i utlysinga vil bli avviste. Prosjektleiar (søkar) må sikre at søknaden er komplett.

Søknadar med følgande manglar vert avvist utan ytterlegare grunngjevnad:

- **Søknadsfrist**
Søknaden er forsøkt levert inn etter søknadsfristen.
Databasen blir stengd automatisk. Søknaden kan ikkje ettersendast på e-post.
- **Formatkrav og sidetal**
Prosjektleiar må sikre at det obligatoriske vedlegg er i tråd med formatkrava (sidetal med meir).
- **Søknadsbeløp**
Det er søkt om høgare beløp enn det som er tillate i søknadskategorien.
- **Eigenandel manglar**
Søknaden manglar eigenandel i budsjettet.
- **Brukarmedverknad**
Prosjektframstillinga manglar informasjon om brukarmedverknad i prosjektet.
- **Manglande leiarforankring**
Søknader utan leiarforankring

Spørsmål kan rettast til følgande kontaktpersonar

Helse Vest RHF

Kari Birgitte Wiig, rådgivar i Helse Vest RHF, Kari.birgitte.wiig@helse-vest.no

Lena Forgaard, ansvarleg innovasjon Helse Vest RHF, [lena.forgaard@helse-vest.no](mailto:lana.forgaard@helse-vest.no)

Carina Mæland, seniorrådgivar Helse Vest RHF, carina.paulsen.meland@helse-vest.no

Sykehusinnkjøp HF

Bjarte Wetteland, leiar IKT/bygg, Sykehusinnkjøp HF, bjarte.wetteland@helse-vest-innkjop.no

Helse Vest IKT

Helse Vest IKT kan vere ein av samarbeidspartnarane i prosjektet. Dette må avklarast med Helse Vest IKT (postmottak@helse-vest-ikt.no) i forkant av søknaden.

Arkitektur- og datastyring

For rettleiing om nye IKT-løysningar bør søkarar innhente vurderingar om korleis løysingane skal virke i samanheng med eksisterande infrastruktur og systemlandskap i Helse Vest.

Terje Bremnes, områdeleder Arkitektur- og datastyring, terje.bremnes@helse-vest-ikt.no

Kreftforeningen

Marianne Minge, Leiar, Seksjon forskning og innovasjon, Kreftforeningen, Marianne.Minge@kreftforeningen.no